



Solbakken heiter båten til Ådland-brørne. Her er dei på veg mot Sandakaien på morgonkvisten torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag (torsdag) startar brislingfisket og i morgontimane var Fusa-brørne Thomas og Arne Ådland i land i Uskedalen for å proviantera på SPAR.

Dei er dei einaste i Fusa som driv med brislingfiske no, men her i dalen har dei ein flink kollega - Jostein Legland.

Han kjenner dei godt og har notert seg at han har kjøpt seg ny og større båt og opererer langs kysten heilt til svenskegrensa.



Tomas og Arne Ådland er klare for brislingfisket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Foran den nye sesongen har dei grunn til å vera optimistar - utifrå det som skjedde i fjor.

- Då var det rekordfiske, opplysar brørne.

Men dei legg straks til: - Det plar ikkje å vera så godt fiske to sesongar på rad!

Tomas og Arne hadde større båt før og då fiska dei så langt nord som i Trondheimsfjorden. No held dei seg i Hardangerfjorden og har lov til å fiska brisling så langt inn som til Kvanndal.

Men førebels veit dei ikkje kvar dei kjem til å satsa.

- Vi får starta med å leita han opp, det har vi ikkje freista enno. Men det blir kanskje innsats med lys i kveld, seier Tomas og Arne.

Så kanskje får vi sjå dei i aksjon utpå fjorden til natta?

Havforskningsinstituttet gjennomfører ei grundig kartleggjing og konstaterer generelt at 2008 var eit nytt år med svak rekruttering for kystbrislingen. Unnatak var Hardanger-Sunnhordland, Sognefjorden og Nordfjord der det var ein betring i fangstgrunnlaget.

Eit fangstutbytte på nær 1.400 tonn i Hardangerfjorden i fjor kom som ei stor overrasking for næringa, for mykje tyder på at bestanden av brisling langs norskekysten er låg og at evnen til å rekruttera nye årsklassar er redusert.

Forskarane Else Torstensen og Jostein Rønning meiner dette kan tyde på at brislingen i fjordane ikkje vert hausta på ein bærekraftig måte.

Dei seinare åra har landingane vore langt lågare enn dei 3.500 tonn som industrien har etterspurt. Dette skuldast mest dårleg rekruttering, men det kan også skuldast dårleg vekst og overlevnad, skriv forskarane.

Av Ola Matti Mathisen